

Alkoholpolitiske retningslinjer 2020 – 2024 Åseral kommune



Innhald

1. INNLEIING.....	3
2. AKTUELT LOVVERK	3
3. DEFINISJONAR	3
4. MÅLSETJING	3
5. TILTAK	4
6. SØKNADSPROSEDYRE	4
7. GEBYR OG OMSETNINGSavgIFT	4
8. LØYVINGSPERIODE	5
9. TILHØVE SOM SKAL VURDERAST VED HANDSAMINGA	5
10. TYPE VERKSEMDER SOM KVALIFISERER FOR ALMINNELIGE SKJENKELØYVE	5
11. TYPE VERKSEMDER SOM KVALIFISERER FOR SALSØYVE	6
12. SKJENKE- OG SALSTIDER OG SÆRSKILTE VILKÅR	6
13. KONTROLL OG AVVIK.....	7
14. SAKSHANDSAMINGSREGLAR	7
15. DELEGASJON	7



1. Innleiing

Åseral kommune skal forvalte tildeling og oppfølging av sal- og skjenkeløyve på ein forsvarleg måte. Dette dokument er kommunens retningslinjer for handtering av sals- og skjenkeløyver og er i så måte bindande for all sakshandsaming av søknader om sals- og skjenkeløyver. Retningslinjene er utarbeida etter dei mål og verdiar som er vedteke i gjeldande ruspolitisk handlingsplan.

2. Aktuelt lovverk

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven med tilhørande forskrifter)
- Handbok i alkoholloven m.v. rundskriv IS-5/2008

3. Definisjonar

Skjenking

Sal av alkoholholdig drikk for konsum på staden.

Sal

Utlevering av alkoholholdig drikk for konsum ein anna stad.

Skjenkestad

Verksemd som har løyve til skjenking av alkohol.

Salsstad

Verksemd som har løyve til sal av alkohol.

Ambulerande skjenkeløyve

Eingongsløyve knytt til skjenking av alkohol til eit bestemt høve/arrangement i eit slutta selskap (inviterte gjester/lukka arrangement).

Skjenkeløyve for einskilde arrangement

Eingongsløyve knytt til eit bestemt høve/arrangement der allmogen har tilgang til skjenkestaden (ope arrangement)

Kunnskapsprøve om alkoholloven

Kunnskapsprøva er obligatorisk for styrar og stedfortredar ved tildeling av fast skjenkeløyve. Prøva må vere avlagt og bestått før søknad om skjenke- eller salsløyve vert handsama..

Grupper

Alkoholfri drikk: drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol.

Alkoholsvak drikk: drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 1: drikk som inneheld over 2,5 og høgast 4,7 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 2: drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 3: drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

4. Målsetjing

Målet med retningslinjene for Åseral kommune er å førebygge og redusere skadeverknader knytt til alkohol.



5. Tiltak

I Alkohollova søkast ein rekke kryssande omsyn ivaretekne. På den eine sida ynskjer myndigheitene at alkohol skal vere tilgjengeleg. På den andre sida ynskjer ein å avgrense dei sosiale og helsemessige skader som alkohol medfører.

- Åseral kommune skal vere varsame med å gje skjenkeløyve til verksemder og arrangement der det barn og unge er målgruppa.
- Ved representasjon og arrangement i kommunen sin regi skal ein vere tilbakehalden med servering av alkohol.

6. Søknadsprosedyre

1. Den som ynskjer å søke om sals- eller skjenkeløyve for alkohol må søke elektronisk på søknadsskjema som ein finn på kommunens heimeside. Kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer vil og vere tilgjengelig her.
2. Handsamingstid er inntil 4 månader (jamfør Alkoholloven § 1-11)
3. Administrasjonen går gjennom søknaden og kontrollerer at søknaden er korrekt utfylt og at følgjande vedlegg er med:
 - Skatteattest for involverte parter
 - Internkontrollsystem for omsetning og skjenking av alkohol
 - Bestått kunnskapsprøve alkoholloven for styrar og stedfortredarFor skjenkeløyve krev ein i tillegg følgjande:
 - Dokumentasjon på styrar og stedfortredar si tilknytning til staden
 - Kart, dersom det vert søkt om uteservering

Administrasjonen stadfester deretter skrifteleg at søknad er motteke eventuelt sender denne i retur dersom det er manglar ved søknaden. Det skal gjevast ei veileiande sakshandsamingstid. Sakshandsaminga tek til fyrst når alle relevante vedlegg føreligg. Når uttalar frå aktuelle etatar og instansar er motteke utarbeider sakshandsamer eit forslag til vedtak og vedtak i høve til delegasjon.

4. Alle søknader om løyve skal undergjevast ei konkret vurdering i høve til alkohollova. Før eit alminnelig sals- eller skjenkeløyve kan bli gjeve, skal det hentast inn uttale frå sosialtenesta og politi, samt opplysningar om innbetalt skatt og avgift jamfør alkohollova § 1-7, 2 ledd.

7. Gebyr og omsetningsavgift

Gebyret for **skjenkeløyve** for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 skal fastsettast etter forventa omsett mengde alkohol. Gebyrsatsen er fastsett i føresegn om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2, 2. ledd. Gebyret betalast årleg.

For løyve til **sal** av alkoholhaldig drikk gruppe 1, skal det betalast eit gebyr som fastsettast i forhold til forventa omsett mengde alkoholholdig drikk. Gebyrsatsen er fastsett i føresegn om 5 omsetjing av alkoholhaldig drikk mv. §6.2, 1 ledd. Gebyret betalast årleg.

- Gebyr for behandling av **enkeltløyve** skal innbetalast på førehand og vert vedtekne kvar år i den kommunale prislista.

- Gebyr for behandling av **ambulerande** løyve skal innbetalast på førehand. Gebyrsatsen er fastsett i føresegn om omsetning av alkoholholdig drikk mv § 6-2, 3. ledd.

Oppgåve som syner mengde på omsett alkohol for føregåande år skal vere kommunen i hende



seinast 1. april året etter. Løyveharar vil så motta ein faktura i høve til avrekning frå året før og forventa omsetnad for påbyrja år.

Sals- og skjenkegebyret går til å dekke kommunen sine kostnader til kontroll med sals- og skjenkestadene, Ansvarleg vertskapskurs og liknande i regi av Skjenkeforum.

8. Løyvingsperioden

Løyvingsperioden for sals- og alminnelig skjenkeløyve vert gjeve for inntil 4 år om gonga. Løyvinga opphøyre 30. september året etter at nytt kommunestyre er konstituert.

9. Tilhøve som skal vurderast ved sakshandsaminga

a. Nekting av løyve på grunn av vandelsmessige forhold

Sals- eller skjenkeløyve skal, etter ei heilheitleg vurdering, kunne nektast på grunnlag av negativ uttale om søker sin vandel når forholdet knyter seg til alkoholloven eller til anna lovgjeving som har samband med alkohollova sitt føremål, eller frå skatte- og avgiftsmyndigheita om vandel i høve til denne lovgjevinga.

b. Tildeling og fornying av løyve på grunnlag av erfaring

Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggast vekt på om søker kan sjåast på som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Det kan takast omsyn til tidlegare dårlig erfaring med søkaren si utøving av løyve.

c. Andre omsyn i vurdering av om løyve skal gjevast

Ved tildeling av løyve skal skjenke- og salsstadens karakter, driftskonsept og lokalisering, samt om lokala er eigna, storleik og beskaffenhet tilleggas vekt. Negativ erfaring med tidlegare driftsform kan også tilleggas vekt. Det skal og takast omsyn til skjenke- og salsstaden sin beliggenhet i høve til som for eksempel skuler, barnehagar og liknande. Det skal og takast trafikale omsyn ved tildeling av skjenkeløyve.

Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til arrangement der målgruppa er barn eller unge. Ei heller i lokaler til skule, barnehage og fleirbrukshall.

10. Type verksemdar som kvalifiserer for alminnelige skjenkeløyve

Ei verksemd som søker alminnelig skjenkeløyve skal ha ein klar profil og ei definert målgruppe. Følgjande verksemdstypar kan tildelast alminnelig skjenkeløyve:

a) Faste spisestader med overnatting, følgjande merknader gjeld:

1. Det krevjast serveringsløyve i tillegg.
2. Det kan gjevast alle løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 (alle rettigheter).
3. Det fastsettast ikkje aldersgrense for inngang.
4. Det kan gjevast løyve til utandørs skjenkeareal uavhengig av pkt. d.

b) Faste spisestader utan overnatting, følgjande merknader gjeld:

1. Det krevjast serveringsløyve i tillegg.
2. Det kan gjevast alle løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.
3. Det fastsettast ikkje aldersgrense for inngang.
4. Det kan gjevast løyve til utandørs skjenkeareal uavhengig av pkt. d.

b) Frittstående barar og pub, følgjande merknader gjeld:

1. Løyve kan gjevast dersom det vert sett vilkår om 18 års aldersgrense.
2. Det kan gjevast alle løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.
3. Det kan settast vilkår om vakthold ved inngang og i lokalet dersom løyve skal gjevast, uavhengig av



om aldersgrensa er 18 eller 20 år.

4. For at ein frittstående bar eller pub skal få skjenkeløyve må staden ha et klart konsept og profil.

c) Diskotek og restaurantar med dans, følgjande merknader gjeld:

1. Løyve kan gjevast dersom det vert sett vilkår om 18 års aldersgrense.

2. Det kan gjevast alle løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.

3. Det kan settast vilkår om vakthold ved inngang og i lokalet dersom løyve skal gjevast, uavhengig av om aldersgrensa er 18 eller 20 år.

d) Utandørs skjenkeareal til verksemder under bokstav a - c.

1. Løyve kan gjevast dersom det vert sett vilkår om 18 års aldersgrense for inngang og i lokalet innafor skjenkearealet, og 18 års aldersgrense for opphald etter kl. 20:00.

2. Det kan gjevast alle løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.

3. Det kan settast vilkår om vakthold ved inngang dersom løyve skal gjevast, uavhengig av om aldersgrensa er 18 eller 20 år.

4. Utandørs skjenkeareal skal vere fysisk avgrensa med gjerder eller liknande.

Det vert ikkje sett tak på antal skjenkeløyve.

11. Type verksemder som kvalifiserer for salsløyve

Salsløyve for alkoholholdig drikk med høgast 4,7 volumprosent alkohol vert berre gjeve til dagligvarebutikkar der hovudvekta av varesortimentet er matvarer.

Ein dagligvarebutikk med biinntekt frå sal av drivstoff reknast som dagligvarebutikk, og kan få løyve for sal av alkoholholdig drikk.

Ein vanlig bensinstasjon som og sel dagligvarer kan ikkje få salsløyve. Det kan heller ikkje kioskar eller gatekjøkken.

Det vert ikkje sett tak på antal salsløyve.

12. Skjenke- og salstider og særskilte vilkår

a) Skjenketider

Skjenking av alkoholholdig drikk, inne - og utandørs kan skje innanfor følgjande tidspunkt:

kl. 12:00 - 01:30 i gruppe 1 og 2

kl. 13:00 - 01:30 i gruppe 3

På overnattingsstader kan det skjenkast alkoholholdig drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol til overnattingsgjester utan omsyn til avgrensingane i denne paragraf, dog ikkje utandørs lengre enn til kl. 02:30.

Konsum av utskjenka alkoholdig drikk må opphøyra seinast 30 minutt etter skjenketida sitt utløp. Lukketidspunkt settast normalt til 30 minutt etter skjenketida sitt utløp.

b) Salstider

Sals- og utleveringstid for alkoholdig drikk med høgast 4,7 volumprosent alkohol er:

Måndag – fredag: kl. 08:00 – 20:00

Laurdag: kl. 08:00 – 18:00 (gjeld og dagar før heilagdagar med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag).

Sal - og utlevering av alkohol skal ikkje skje på sundag - og heilagdagar, samt 1. og 17.mai.



c) Enkeltløyve

- Enkeltarrangement skal vere godkjent av Lensmannen.
 - Det er strenge krav til søkjar/ansvarleg for arrangementet når det gjeld vandel, kjennskap til skjenkereglane i Alkohollova og tilhøyrande føresegn.
 - Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.
 - Det er krav om vakthald med godkjente ordensvakter på alle arrangement.
- Søknadar om enkeltløyve skal vere innkomne til kommunen minst 3 veker før arrangementet skal finne stad.

d) Ambulerande løyve

- Kommunen kan oppretta 2 ambulerande skjenkeløyve (jf. Alkohollova § 4-5) til slutta selskap.
- Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.

Søknadar om ambulerande løyve skal vere innkomne til kommunen minst 2 veker før arrangementet skal finne stad.

13. Kontroll og avvik

Generelt er løyvehavar ansvarleg for at skjenking og sal av alkoholholdig drikk går føre seg på ein slik måte at skadeverknadene vert avgrensa og alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne på best mogleg måte, jamfør alkohollova sitt formål i § 1-1.

- Ved brot på Alkohollova, tilhøyrande forskrift og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer vil det bli gitt prikkar etter eit felles nasjonalt prikkelingssystem jamfør alkoholføresegna kapittel 10 - § 10-3
- Jamfør prikkdelingssystemet kan sals- eller skjenkeløyve bli inndregen for ein periode ved brot på alkohollova, føresegn og/eller alkoholpolitiske retningslinjer.
- Der det føreligg grunnlag for tildeling av prikkar, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling jamfør Forvaltningslova § 16.
- Kommunen skal kvart år kalle inn alle løyvehavarar til eit informasjonsmøte med gjennomgang av gjeldande lovverk og retningslinjer. Politi og kontrollorgan vil og bli kalla inn til dette.

14. Sakshandsamingsreglar

Kommunen sine enkeltvedtak etter § 1-8 og Kap. 3, 4 og 7 kan påklagast til Fylkesmannen jamfør alkohollova § 1-16. Fylkesmannen kan bare vurdere lovlegheit av det påklaga vedtaket.

15. Delegasjon

Jamfør delegasjonsvedtekter.

